



Føreord – Norsk litterær årbok 2025

NLÅ er liv laga! Det prova *NLÅ 2024*, som vart vel teke imot av bokinteresserte. *Norsk litterær årbok* stod i fare for å bli nedlagd i fjor og det vart utført ein bergingsaksjon for årboka. Det skreiv vi om i føreordet til *NLÅ 2024*. Takk vere den førre redaksjonen, forlaget vårt, Novus, gode innsende artiklar og dessutan trykkestønad frå Kulturrådet, lever *NLÅ* vidare. Jamvel om fast stoff, som den kritiske gjennomgangen av poesi- og romanåret, ikkje er med oss lenger, viser *NLÅ* seg å vera eit vitalt fora for litteraturvitskapelege artiklar. Og: Jamvel om vi i fjor tok årboka over på digital publisering, held vi òg fram med å gi ho ut mellom to permar. Det som er digitalt tilgjengeleg, forsvinn snøgt i mengda og ropet etter merksemd i media. Soleis vonar vi at ryggen frå *NLÅ 2025* stendig kan påminne om kva litteraturforskarar har synt interesse for i året som har gått, ei varsam seismografisk registrering av små forskuingane i litteraturvitskapen.

Dette nummeret inneheld nye inngangar til Hauge-forskinga – ikkje berre éin, men to artiklar om Olav H. Hauges dikting. Både Henrik Indergaard og Elin Stengrundet har skrive om gjennombrøtsboka til Hauge, *På Ørnetuva* (1961). Der Indergaard undersøker dikta i denne boka i ljøs av ein mytopoetisk djupnstruktur og narrative liner mellom dikta, leitar Stengrundet etter von og ljøs framtid, i ei diktsamling som har hatt status som mørk og pessimistisk. Begge nyttar Hauges dagbøker aktivt i fortolkinga. Det er prisverdig, for jamvel om det har gått 25 år sidan dagbøkene kom ut, har litteratuvitararar vore varsame med å nytte dei i diktanalysar. Vonleg vil Hauges brevsifte ein dag òg sjå dagsens ljøs. Det vil kunne gie atter nye perspektiv på Hauges dikting, for som vi veit av brev som alt er utgjevne, mellom Hauge og Jan Erik Vold og Bodil Cappelen, diskuterer Hauge òg diktskriving i brevform. Ein annan bidragsytar, Gunnar Foss, påviser likskapar mellom Herders og Wergelands idéar om folkespråket; i kva grad er Wergeland påverka av Herder, og korleis syner det seg? Foss' tverrfaglege perspektiv, litteraturhistorie i kombinasjon med eldre språksyn og historiefilosofi, opnar opp for å forstå viktige sider ved Wergelands poetikk, som peikar fram mot vår tids språksituasjon. Annette Vilslev Thorsen gjer dobbelt nybrottsarbeid med artikkelen om Dorthea Bassøe og reiseskildringa hennar, *Erindringer fra Japan* (1896). Bøker av misjonærar har ikkje berre vore eit forsømt felt i litteraturvitskapen; artikkelen viser òg at det digitale arkivet i Nasjonalbiblioteket gjer det mogleg både å finne gløymde bøker og å nytte kvantitative korpusanalysar til å kartlegge omtalen av bestemte stadnamn

over tid. Birgitte Furberg Moe utforskar den norske mottakinga av den tysk-jødiske forfattaren Lion Feuchtwangers roman *Søsknene Oppenheim* (1934). Moe syner korleis mottakinga er prega av det politiske ordsiftet i 1930-åra, der kjende politikarar og kulturpersonar deltok. Dette bidraget er eit viktig tilskot til Holocaust-forskinga som norske litteraturvitarar og historikarar utfører i vår samtid. Den siste artikkelen i utgåva i år har fokus på eit tema som har vakse fram av feltet medisinsk humaniora, nemleg pårønderolla. Nora Simonhjell gjer ei lesing av Lina Undrum Mariussens diktsamling *Finne deg der inne og hente deg ut* (2011). Analysen krinsar mellom anna om blikket for tropar og argumenterer for korleis Mariussen skriv fram komplekse tilhøve kring både sjukdom og det å vera pårørande. Dei siste tre artiklane provar korleis den tematiske prioriteringa – eller vendinga? – i litteraturvitenskapen, om stader, Holocaust og tverrfagleg sjukdomsforsking, tek faget i nye retningar, og set namn og titlar på dagsorden som er nye for mange.

Også dette nummeret inneheld artiklar av unge og eldre litteraturvitarar. Forskarar med lang skriverøynsle og brei lesehorisont gjer nylesingar av verk i litteraturhistoria eller i samtidslitteraturen. Dei står side om side med nye røyster som ser eldre tekstar og verk av nolevande forfattarar med eit djervt og friskt blikk. Dei fyrstnemnde slepp vi oppmode til å sende inn stoff til oss, for dei kjenner spelereglane. Men unge litteraturvitarar kan vera usikre når det gjeld tidskrifts- og publiseringskulturen. Dessutan kan skiljelinjer mellom innleveringsarbeid og akademisk artikkel framstå som uklår. Det har vi sjølv opplevd i samtale med mellom andre mastergradsstudentar. Difor ei oppklåring: I all debatt som har vore om plagiat og sjølvplagiat er det viktig å halde tunga beint i munnen. Eit akademisk arbeid som ikkje har vore på prent i ein publikasjon, kan trygt sendast inn til *NLÅ* for vurdering, til dømes omarbeiding av ei mastergradsoppgåve. Då er det ikkje tale om plagiat, men gjenbruk. Ein student som sender inn upublisert stoff til oss, vil mogelegvis òg oppleve at artikkelen får ei heilt anna vurdering av fagfellane vi nyttar enn det studenten fekk på emnet der arbeidet vart levert inn. Det kan gje uventa og nye perspektiv på arbeidet og stimulere den unge litteraturvitaren til å gå vidare med litteraturforsking. Med tanke på neste utgåve oppmodar vi også denne gongen særleg unge litteraturvitarar til å sende inn arbeid til *NLÅ*. Neste år feirar vi at det er seksti år sidan *NLÅ* vart skipa. Vi vonar på mange gode bidrag til jubileumsåret og ei ljøs framtid for forskning på nordisk litteratur!

Christopher Messelt og Ronny Spaans